



Lindås kommune

Fau v/Eikanger skule

Høyringsuttale Kommunedelplan for skule 2014-2018

Lindås kommune skal sjå nærare på skulestrukturen i ungdomsskulekrinsane Ostereidet og Lindås. Det primære målet for kommune er at dette arbeidet skal sikre kommunen betre økonomi, gje eit likeverdig skuletilbod og bidra til langsiktige løysingar.

FAU ved Eikanger håpar dette arbeidet vil sikra betre kvalitet i skulen med større læringsutbytte og gode læringsarenaer for elevane. Me viser gjerne til vår visjon på Eikanger; «Eikanger skule, ein god stad å læra, ein god stad å vera»

Folketalsprognose

Det har dei seinare år vore stigande elevtal på Eikanger; i 2009 hadde me 52 elever, i dag er talet 74. Bygda er i vekst, og me registrerer at bygda er populær også for familiar som ikkje har tilknytning til bygda frå tidlegare. Området kring Osterfjorden er i sterk vekst, og Eikanger vil vere ein sentral stad for framtidig utbygging. Det store bustadfeltet på Fyllingsnes har store rekkjefølgjekrav. Desse ser no ut til å late seg løyse med positive signal om at Nordhordlandspakken vert vedtatt. Sjølv utan det store Fyllingsnesfeltet, har me private initiativ som kan sikre tilgang på nye bustader. Det er difor grunn til å tru at elevtalet ved Eikanger skule vil verta oppretthaldt og mest truleg auka i åra som kjem. Vert Nordhordlandspakka og det nye bustadfeltet realiserte, må kommunen ta omsyn til konsekvensar som er knytt til utbygging i vår skulekrins. Eikanger skule har dei siste åra vore ein av dei få skulane i kommunen med høg og jamn vekst. Med bakgrunn i dette er kanskje Eikanger det området i Lindås som vil ha den største folketalsveksten av dei krinsane der skulestrukturen no vert vurdert.

Nærskuleprinsippet

Eikanger skulekrins består av bygdene Høyland, Fyllingsnes, Eidsnes og Eikanger. Desse bygdene har samanhengande bustadbygging av ulik tettleik med ei naturleg avgrensing mot nabobygdene som soknar til Kløvheim, Ostereidet og Leiknes skulekrinsar. Når kommunen vurderer ulike alternativ av skulestruktur, vil FAU ved Eikanger skule understreke at kommunen må ha med seg dette momentet om ei mogleg splitting mellom nabobarn dersom ein kjem til å vurdera skulenedlegging. Me kan ikkje sjå at splitting av eksisterande nærmiljø er til våre barn sitt beste.

Me vil som i førre strukturdebatt peika på at over 85% av elevane på Eikanger har Leiknes skule som sin nærskule, sett opp mot Ostereidet. Om kommunen vel ei løysing på tvers at dette prinsippet, er FAU ved Eikanger redd dette vil vere sterkt konfliktdrivande for prosessen. Me har gjennom debatten kring ungdomsskulekrinsane sett at nærskuleprinsippet i høgste grad er gjeldande, og slik FAU oppfattar foreldregrupper i dag, vil det for svært mange vere naturleg å velje nærskulen, altså Leiknes skule.

Kostnadsvurdering

FAU ved Eikanger skule kan ikkje sjå at Leiknes har kapasitet til å motta alle elevane frå Eikanger, og ved ei eventuell splitting vil med årets elevtal nær 70 elever ha Leiknes som sin nærskule. Det kan setjast eit stort spørsmålsteikn ved om det er reelle innsparingar ved endå ei storstilt utbygging på Leiknes for å ta i mot elever frå Eikanger. Ei eventuell tvangsflytting (på tvers av nærskuleprinsippet) til Ostereidet vil også medføra ei større utbygging for å få plass til alle elevane frå Eikanger. Området kring skulen på Ostereidet er heller ikkje eigna for tiltak som kan endra på dagens kapasitet utan store kostnader. Me ynskjer at kommunen fylgjer opp tidlegare vedtak ref «KO 23/13 Kommunedelplan skule – rullering 2012-2013», der administrasjonen får i oppgåve å greie ut ny felles skule for Eikanger og Kløvheim. I fylgje kommunen sin eigen kommunedelplan les me at «*»Det er ein viss trong for investering på skulane uansett kva for strukturalternativ som vert vald»*.

Me vil hevde at det mest formålstenlege er ny skule på Eikanger der befolkningsveksten kjem. Eventuelt kan ein også fylgje opp tidlegare vedtak i kommunen med å rive den gamle lærarbustaden, og dermed gje rom for auka kapasitet og gje nye muligheter for oppgradering av dagens skulebygg og eit tilleggsbygg som kan stetta behovet for gymsal og spesialrom. FAU på Eikanger vert gjerne med i ein prosess med å sjå nærare på løysingar for å fylgje opp vedtak KO 23/13 for ein felles skule. Det har i tidlegare møte med administrasjonen og politikarar vore lagt fram skisser som FAU har fått utarbeidd i høve å tenkja ei areal- og kostnadseffektiv utbygging på eksisterande skuletomt.

FAU Eikanger skule har klart for seg at det no er snakk om ei høyring i høve planprogrammet. Me har vore med på mange rundar kring nedleggings-forslag dei siste åra. Og me har erfart fleire gonger at det er for lite nyansert og upresis kunnskap som ligg til grunn når ein studerer folketalsutvikling og kringgrenser. Kvalitetsikring av tal (slik vi i FAU gjorde i førre prosess) er svært viktig, og ein må då gjerne få lokal-kunnskap om avstandar og grenser.

For oss er det kort sagt dette som vert viktig i prosessen vidare:

- Å sjå realistisk og grundig på elevtalsutvikling og prognosar som og ivaretar bustadbygging
- Å ta på alvor at Eikanger-bygda er ei bygd, men har fleire delar som ikkje lar seg skilja
- Å forstå at nærskule-prinsippet fører til at dei fleste elevane ved ei nedlegging har rett til å gå på Leiknes skule
- Å sikra at vi gjennom prosessen held høgt at det er viktig å få til ein god skule for alle elevar. Det betyr at vi ikkje kan spara litt på kvar skule, men må gjera større grep.

FAU ved Eikanger skule ønskjer å delta aktivt og positivt i den vidare prosessen med kommunedelplanen for skule 2014-2018.

Med venleg helsing
Foreldreutvalet ved Eikanger skule

Katrine Hopland
leiar